

Barking av segl

JON GODAL

Prosessen startar året før du skal barke seglet med å samle bark. Du finn fram til ein bjørkeskog, helst med fin never og litt storleik på trea. Dei kan gjerne vera 10–30 cm i diam. Det er nesten eit vilkår at du kan utnytte heile treet i ei gong, at du tek vare både på never, bark og ved/virke.

Fyrst rispar du av nevra så langt oppover som du når på det ståande treet. Nevra svar (løyper) best i fyrste veka av juli. Då kan du sprette henne av trea omtrent som du opnar ei avis. Ringe treet med ein kniv i 50–80 cm fråstand og lag eit loddbeint snitt mellom ringane. Smett kniven innom nevra. Tak godt tak langsetter kanten av nevra med bae hendene og riv flaket av. Nevra skal først leggjast i «ferg» (d.e. under press). Du samlar ho i «ruver» (d.e. never på never) med innsida opp så høge som du kan få dei til å stå godt (ca. $\frac{3}{4}$ m). Legg fjøler eller eit trelok oppå og stein eller anna tyngd slik at nevra ikkje får krulle seg. Når nevra turkar på denne måten er ho grei å nytte anten det skal vera til tekking, garnreppar (fløyt) eller neverkoppar.

Når nevra er av, går du laus på barken. Du går i prinsippet fram på same måten som med nevra. Men barken er stivare og sit litt betre fast. Du brukar fingrar eller handkant mellom treet og barken omtrent som når du flår. Etterkvart får du av barken i fine rullar på 50–80 cm lengd. Nå feller du treet og rispar av nevra og flekker barken så langt oppover som du finn det lønt for kvist og grovleik. I alle høve kan du ta barken litt lenger opp enn du får til å nytte nevra. God never får du berre på den kvistfrie delen av stommen.

Om du skal nytte veden vil det løne seg å gjera han heilt opp ferdig til emningsved eller brennved med det same. Rå bjørk er lett å arbeide med og halvtilhogne emne sprekk ikkje så lett.

Rullane eller strutane av bjørkebark set du no til tork. Det beste er å få dei på ein luftig stad under tak. Set dei mot kvarandre, inntil ein vegg eller legg dei på ei rist. Best er rask tork, men med så lite beinveges sol som råd på barken.

Når barken er knustørr legg du han i ein striesekk. Bank på sekken med ei treklubbe til barken er knust opp i stykke på 1–2 cm. Sume har også mali han på kvern til mjøl. I denne tilstanden kan barken no verta lagra til du skal bruke han anten neste vår eller seinare. Tørt lagra held han seg godt i årevis.

Det er ein del meiningsskilnad om kva som er beste barken. Nordanfjølls er det berre ei meining om det. Bjørk er best. Litterære kjelder syner at eikebark er best til garving av lær, og eika inneheld utan tvil meir garvesyre. I den tida dei i meir industriell mælestav laga barkekstrakt («barkekstra»), synte granbark seg som det beste råstoffet. No vil ein ting vera garvesyrekonsentrasjon og garvesyre-framstilling. Forsøk med ulik garving syner at ein ut frå ei einseitig vurdering av garvesyrekonsentrasjon ikkje har for seg det samla biletet av kva som skjer under ei garving. St. Brendan (lærbåten som vart segla til Amerika i 1975/76) synte at eikebarken gav tilleggs kvalitetar som ein førebels berre kan konstatere, ikkje forklåre. Noko liknande kan vi ha når det gjeld barking av segl. Tradisjonen er i alle fall uomtvisteleg. Bjørk er best. Or gjev også fin farge, heiter det, men annan bark vil ein ikkje høyre snakk om her på traktene.

Du startar barkinga 14 dagar før seglet skal i lauget med å leggje barken i bløyt. Det enklaste er å ha han opp i det karet du skal koke i. Har du ei 100 l gammaldags malmgryte er det bra. Du fyller oppi 30–40 l med turka og knust bark. Slå på om lag like mykje sjøvattn. Legg merke til at vi nyttar sjøvattn.


Kan du ikkje få tak i ei gryte, vil eit avskori oljefat gjera same nytta. Skal du barke store kvanta (over 50 m² segl), kan det løne seg å skjera ho av nær toppen slik at du kan lage ei koke på 150–180 l. Framleis like mykje bark som vatn til bløytlegginga. Den avskorne toppen tek du vare på og nyttar som blandekar seinare.

Har du ordna deg lettvindt, står kokekaret ditt no i den eisa du skal koke på, slik at det berre er å ha under ved og tenne på.

Du startar dagen med å sjå til at det er rikeleg tilgjenge på ved attmed eisa. Elles har du bruk for ei jolleåre til å røre med, ½ l tretjøre (milebrent er best både til barkinga og til å smørje båten med. Grossist er Joh. Løvold i Bodø), 100 g krystallsoda, ei vanleg sinkbøtte, eit blandekar på 20–50 l, nistemat for dagen og godt tolmot. Sjølve barkekaret skal helst vera så stort at det rømer alt barklauget du kokar i tillegg til det du skal barke, altså 2–400 l. Gamle barkekar er gjerne av denne storleiken og av og til mykje større. Dei svært store er helst vortne nytta til barking av sildenøter.

Barkekaret er lagga og rundt. Høgda er om lag like stor som diameteren eller litt mindre. Sidene er rette og det er jamvidt. Det skal ha toppe (hol med tapp i) nede ved botnen. Barkekara er som regel svært solide og utførde med stor dugleik. Personleg har eg barka i eitt som er frå 1740. Det er like godt enno. Barkekara står no oftast i ein krok lengst inni naustet og kanskje i fare for å rotne. Tak godt vare på det, om du får tak i eitt. Lagre det i naustet og ikkje inne i varmt


Seglet blir pakka ned i barkekaret frå 1740.
(Alle foto: Olav Tømmerstigen.)



hus. Der vil det gistne og kanskje falle i «stavar» når det tørkar for mykje. Du finn knapt nokon som kan taka på seg å lage eit barkekar av skikkeleg kvalitet av nyo.

No gjer du opp varme under gryta. Legg dugeleg på så det kjem i koking. Fyll på 2–3 bøtter vatn. Lauget treng ikkje fosskoke. Berre lata det «småkry» (d.e. småkoke) i eit par timar. Du ordnar deg med litt kaldt sjøvatn før du slepper oppi ein neve soda. Det skummar og vil koke over. Slå då på kaldt vatn. Om du får problem med å halde det i gryta, auser du av ei bytte eller to. Einar Holten nytta fyrste året vi barka saman også litt leiska kalk. Han gjev inga nærare forklaring. Båe vil imidlertid nøytralisere garvesyra. Prøver syner at det ferdige lauset har ein pH på ca. 6. Ein kan tenkje seg at kalk vart nytta i tidlegare tider når ein ikkje hadde soda. Bruken av soda og/eller kalk tyder på at ein er ute etter ei saltutfelling og at det er denne som gjev den relativt vassbestandige fargen som også vernar mot røte.

Sjå heile tida på fargen og konsistensen i lauset. Før kokinga var væska klår og brunaktig. Etter at du har koka ein time eller to ser du at ho går i fiolett retning, men er framleis klår. Etter at du no har hatt oppi sodaen blir ho mørkare og ikkje lenger gjennomsiktig, meir som kaffi enn som te i konsistens. Får du ikkje til dette, kan du prøve med litt meir soda. Lauget tek nok til å få rett farge og konsistens. Du kokar likevel ein time eller to til for å vera sikker på at du får ut alt.



Ferdigblanda laug blir slått over. Seglet lyt vera heilt nedduppa.

Aus eit par bytter opp i blandekaret. Laut du ause av litt under kokinga, blandar du dette i. Det er om å gjera å få temperaturen ned til det varmaste du kan halde handa i utan at du brenner deg (ca. 60°). No tilset du ein liten kaffikopp med tjøre medan du rører rundt. Det er ein fordel om tjøra er litt vermt føreåt. Då renn ho lettare nedi. Sjå til at tjøra blandar seg godt med barklauget. Er laug et for varmt vil tjøra beke d.v.s. klumpe seg og berre setja flekkar i seglet. Er laug et for kaldt vil ho ikkje løyse seg.

Tak litt av den knuste borken frå koka og legg i botn på karet – berre så vidt det dytter. Så slår du litt av det ferdigblanda laug et oppi. No legg du enden av seglet nedi karet, slår på litt meir laug, ny fald av seglet i karet og meir laug o.s.b. Nytt laug lyt til kjøling, blande med tjøre, ha i karet, fyll etter med segl. Når seglet står heilt under laug bør det enno vere att litt i gryta. Tak no ut seglet og legg det opp i blandekaret. Sjå etter i brettar og foldar at det ikkje er «helgedagar», d.e. kvite flekkar. Det vil det alltid vera. Falde seglet nedi på nytt og sjå til at du får laug på nelgedagane. Om turvande tappar du av laug og slår oppi karet på nytt.

No blandar du til siste slumpen av laug. Det gjer ikkje noko om det blir med bork. Slå det over i barkekaret. Fyll etter med tau og anna som du vil ha barka. Hampetau lyt barkast om dei skal halde seg. Manillatau gjer seg også godt av ein



Også borkemjøl vart bruka.

omgang, jamvel om dei held seg betre utan. Dersom du ikkje har til rådvelde hampetau av skikkeleg kvalitet lyt ein i dag nytte kunstfiber. Beste erstatning for hamp er spunnen polyester. Vanleg polyester (terylen) ser ut til å vera meir skikka til dei grovare dimensjonane (diam 20 mm og oppover). Du kan legge kunstfibertauga i barkloget saman med resten. Dei tek godt farge, meæ blir liksom fiolette i staden for raudbrune. Om du vil ha kunstfibertauga brune vil det vera greiast å gjeva dei eit lett overtrekk av tjøre. Brun antiparasitt gjev også fin farge til kunstfibertaug. Føresetnaden er sølvsagt at du har kjøpt av den kvite kvaliteten.

Når alt du skal barke er fylt nedi (eller du ikkje kan få plass til meir nedduppa i laug) legg du oppå reine steinar slik at alt vil halde seg nedsøkkkt. Spenn over ein presenning eller eit gammalt segl. Lat det stå til dagen etter.

Spennande.

Du blir skuffa.

Seglet ser grått og stygt ut. Heng det til tørk. Snart går fargen over i fiolett retning. Det tyder bra. «Sæglet har ti færj».

Lat seglet turke skikkeleg før du tek det ut på båten. Kjem det for fort i sjø og regn vil fargen gå av igjen. Han har ikkje sett seg skikkeleg enno. Når du så tek til



Einar Holten ser til at det ikkje er «helgedager» på seglet til *Den Siste Viking*.

å bruke det går det ein 14 dags tid før du får den endelege fargen. Han er vakkert raudbrun, kanskje med eit skjær av gult. Under lagring inne vert fargen verande fiolett.

Seglet er no godt impregnert mot røte og rust, likevel ikkje i same grad som om det var av kunstfiber eller sett inn med sterkare soppgifter. Pass difor alltid på å turke seglet før du henger det bort. Er det vått når du kjem inn, beslå det på mast, bom eller rå og heng det til turk så snart veret tillet. Godt stelt kan det vare i 20-årsvis.

Eg har brukt brun antiparasitt på bomullsegl. Det er svært effektivt mot røte, men fiberen ser ut til å vert sprø av stoffet. Seglet blir likevel ikkje så varig som det skulle.

Seglet bør barkast opp neste vår og seinare annankvar til kvar fjerde vår dersom det er i jamn bruk. Dei gamle var svært påpasselege med å stelle godt om segla. Barka, tørka og hengde dei bort på ein luftig stad. Slik har det gått til at vi kan finne 100 år gamle segl hangande rundt i nausta som enno ser ut til å vera like gode.

Denne oppskrifta på barking byggjer på tradisjonen i Stadsbygd. Andre stadar kan ha andre skikkar. Dersom nokon har høyrte, sett eller vori med på tilsvarende vil eg gjerne få eit ord.

(Nedteikna etter demonstasjon og forklaring av Einar Holten (f. 1905) og egne røynsler.)



rdnorske råseglbåtar, fotograferte i Svolvær i 1910. (Wilsø, Norsk Folkemuseum.)

Impregnation of sails

Based on interviews and practical demonstration from local people at Stadsbygd in the Trøndelag region, the author describes the traditional impregnation method for sails. They were soaked in a bark decoction, preferably from birch. Careful maintenance and repeated impregnation every second to fourth year has resulted in sails that are still in excellent condition, despite an age of 100 years.